

Reguleringsendring for Godøy Småbåthamn

Oppdragsgjevar
Kommune
Gards- og bruksnr.
Prosjektnr.
Dato
Revisjonsnr.

Godøy Småbåtforening
Giske kommune
; 124/328-1, 124/418
250057
14.02.2025
0



Dokumentinformasjon

Oppdrag	Reguleringsendring for Godøy Småbåthamn	
Oppdragsgjevar	Godøy Småbåtforening	
Kontaktperson oppdragsgjevar	Sigfred Lorents Vang	
Oppdragsleiar Nordplan	Heidi Hansen	
Fagleg ansvarleg	Heidi Hansen	
Rapport utført av	Marte Turtum	
Sidemannskontroll	Heidi Hansen	
Plannamn	Godøy småbåthamn, reguleringsendring	
Adresse	Adresse	
Kommune, gards- og bruksnr.	Giske kommune ; 124/328-1, 124/418	
Plannivå	Detaljregulering	
Dokumentnamn	NP250057-PLAN-planinitiativ	
Mal-ID	49-10-01 Planinitiativ	04.09.2024

Revisjonsoversikt

Rev. Nr.	Dato	Skildring	EK	SK
0	14.02.2025	Reguleringsendring for Godøy Småbåthamn	MT	HH

Innhold

Dokumentinformasjon	2
1 Oppdraget	4
1.1 Bakgrunn og føremål med planarbeidet.....	4
1.2 Forslagsstillar	4
2 Planområde og avgrensing	4
2.1 Dagens situasjon	5
2.2 Forhold til gjeldande planverk	5
2.3 Planlagde tiltak og verknadar av planforslaget	7
3 Samfunnstryggleik	7
4 Varsling av tiltaket og medverknad.....	9
5 Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiingar.....	10
6 Referansar	11

1 Oppdraget

1.1 Bakgrunn og føremål med planarbeidet

På vegne av Godøy Småbåtforening sender Nordplan planinitiativ og førespurnad om oppstartsmøte etter plan- og bygningslova § 12-8. Planinitiativet omtalar premissane for det vidare planarbeidet, og er grunnlag for gjennomføring av oppstartsmøte.

Føremålet med planarbeidet er å gjennomføre ei detaljregulering som legg til rette for utbygging av naust samt servicefunksjonar knytt til nausta. Området ligg i tilknytning til Godøy Småbåthavn, og har i dag funksjonar knytt til småbåthamna.

Planområdet er i hovudsak omfatta av gjeldande reguleringsplan frå 03.02.1998, og ny reguleringsplan vil delvis erstatte denne.

1.2 Forslagsstillar

Godøy Småbåtforening er forslagsstiller.

Kontaktinformasjon:


Leiar i foreninga: Sigfred Vang, e-post: sigfred.lorents.vang@gmail.com tlf. 911 84 665

Plankonsulent: Heidi Hansen, e-post: hh@nordplan.no tlf. 928 57 809

2 Planområde og avgrensning

Adresse	Godøya hamn, 6055 Giske.
Areal	
Gards- og bruksnummer	124/328, 124/328-1, 124/418, 124/464 (Godøyvegen)


Planområdet ligg i Geilevika på Godøya i Giske kommune, ca. 7,5 km frå Giske sentrum.



Plangrensa er sett i samsvar med avklaringar i møte med kommunen 26.04.23, nedfelt i brev frå adv. Seth datert 28.04.23.

2.1 Dagens situasjon

Området er i dag utbygd med anlegg for båtopplag og tilrettelagt med parkering. Det finns og eit toalett- og dusjbygg i området, og det er etablert 6-8 bubilplassar. Planområdet grensar til eit område utbygd med naust i nord-vest samt sjøareal tilrettelagt med småbåthamn i vest. I sør grensar planområdet til eit ubyggt areal, som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til «fiskerelatert næring» (Figur 3). I AR5 er arealet registrert som open fastmark. Planområdet har tilkomst frå Godøyvegen (Fv. 125) i nord med to avkøyrslar (Figur 1).




Figur 1. Biletet viser dagens situasjon i planområdet, med tilkomst frå Godøyvegen (Fv. 125) i nord. (google map).

2.2 Forhold til gjeldande planverk


Føreslått planområde er omfatta av følgjande planar:

- Reguleringsplan for Geilevika, vedteke 03.02.1998 (planID: 1998002). Ny reguleringsplan vil delvis erstatte denne.



Figur 2. Oransje farge syner «annen bygning», lilla område syner «område for industri/ lager», rosa farge syner «annet byggeområde» og grå farge syner diverse vegformål og parkeringsplass. (kommunekart).

- Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 (14.06.2018, planID: 2014010)



Figur 3. Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030.. Lys oransje farge viser «andre typer bebyggelse-nåværende», mørk oransje syner «andre typer bebyggelse – framtidig». Lys lilla farge syner «næringsbebyggelse – nåværende». (kommunekart).

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Statlege/regionale føringar klima og miljø

2.3 Planlagde tiltak og verknadar av planforslaget

Planarbeidet har som primært formål å avklare eigedomstilhøva i hamna, då småbåthamna har hatt festeavtale som er utgått. Nye grenser skal avklarast og det skal leggst til rett for nye nausttomter som kommunen skal disponere for sal. Det er elles planar for vidareutvikling av servicefunksjonar knytt til småbåthamna. I vidare planarbeidet skal rammene gjeve i kommuneplanen leggst til grunn, og elles avklare og gjere naudsynt greie for følgande:

- Utnyttingsgrad, byggehøgder og -volum.
- Estetikk og byggeskikk, inkludert takvinkel, materialval og fargebruk.
- Køyretilkomst og gangtilkomst.
- Parkeringsbehov og -løysingar, inkludert sykkelparkering.
- Verknadar for eksisterande infrastruktur.


I naturbasekart er det i sjøområdet kring planområdet registrert naturtypen «bløtbunnsområder i strandsonen» med verdi «svært viktig». Planforslaget inneber ikkje nye tiltak i sjø.

3 Samfunnstryggleik

Planinitiativet skal gjere greie for korleis samfunnssikkerheit skal ivaretakast i planarbeidet, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit. Under fylgjer analyseskjema, som brukt ved ROS-analyse. Analyseskjemaet er brukt for å identifisere moglege uønska hendingar, samt eliminere problemstillingar som ikkje er aktuelle for nærare gjennomgang. Førbeles vurdering vil vere utgangspunkt for diskusjon i oppstartsmøtet.

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar				
UØNSKA HENDING		J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDER
STORE ULYKKER	Eksplasjon, utslepp av farlege stoff, akutt ureining	N	Det er ikkje kjent slik fare i eller omkring planområdet i dag, og planen legg heller ikkje opp til tiltak som vil auke denne faren.	Nordplan as
	Brann i bygning/ anlegg	N	Det er etablert brannskillere i etablerte naustrekker. Dette vil vere krav også for nye. God tilkomst for brannbilar.	Småbåtlaget Nordplan as
	Større ulykker (veg, bane, sjø, luft)	N	I fylgje vegkart er trafikkmengda på FV 125 forbi planområdet berekna til 400 ÅDT. Vi har vurdert at det ikkje er fare for større ulukker i tilknytning til veg. Regulert tilkomst blir vidareført.	Nordplan as
	Storulykkeobjekt	N	Det er ikkje kjent storulykkeobjekt i eller tilgrensande planområdet.	Nordplan as
	Kollaps av bygning/ konstruksjon	N	Det er ikkje kjent fare for kollaps av bygning eller konstruksjon.	Nordplan as
	Akutt ureining	N	Det er ikkje kjent at det finns kjelder til forureining innanfor planområdet i dag. Det er aktuelt på sikt å etablere slamavskiljar.	Nordplan as Småbåtlaget Fylkesatlas.no «Forureining»
NA TU	Flaum og stormflo	J	Deler av planområdet, ei lita sone langs fjorden, ligg innanfor aktsomheitssona for flaum jf. kart frå NVE.	NVE kartkatalog

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar

UØNSKA HENDING		J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDER
	Havnivåstigning	J	Bygg og konstruksjonar i strandsona skal byggjast med topp golv minst på kote 3.1 m. (Høgderreferanse NN2000). Dersom bygg og konstruksjonar blir bygd lågare, skal dei tåle å bli overflaumd av sjøvatn. Bygg og konstruksjonar i strandsona med topp golv på kote 3,5 m og lågare skal dimensjonerast for å tåle bølger ved stormflo og havnivåstigning.	Sehavnivå.no Føresegner i kommuneplanen. Jf-2.15.
	Jord- og flaumskred, fjellskred med konsekvens tsunami eller oppdemming	N	Planområdet ligg innanfor faresona for tsunami, der registrert årleg sannsyn er 1/5000. Då detter er eit S1 tiltak er dette ikkje relevant faremoment.	NVE/Fylkesatlas
	Snøskred	N	Ifølgje aktsomheitskart frå NVE er ikkje planområdet omfatta av aktsomheitssone for snøskred.	NVE/Fylkesatlas
	Steinsprang/steinskred	N	Ifølgje aktsomheitskart frå NVE er ikkje planområdet omfatta av aktsomheitssone for steinsprang.	NVE/Fylkesatlas
	Kvikkleire	J	I følgje kart frå NVE ligg planområdet innanfor fareområde for kvikkleire, der deler av planområdet er registrert med risikoklasse 3 grunna påvist kvikkleire (oransje farge i kartet under). Dette må avklarast nærare i planarbeidet. 	NVE kartkatalog
	Erosjon (langs vassdrag og kyst)	N	Det er vurdert at dette ikkje er relevant da Sigdestadneset ligg skjerma til. Basert på flyfoto over området legg ein også til grunn at store deler av området består av bart fjell og svært tynt jorddekke.	Nordplan as. Fylkesatlas
	Overvatn	N	Planområdet består i dag i hovudsak av grusdekte flater, med lite asfalt. Avrenning til sjøen.	NVE kartkatalog
	Skog- og lyngbrann	N	Planområdet er utan skog eller særleg anna vegetasjonsdekke.	Nordplan as
	Ekstremvind	N	Ifølgje Klimaprofil for Møre og Romsdal (2021) er det knytt stor usikkerheit til framskrivingane for vind, men truleg lita endring. TEK 17 fastset krav til vindlast.	Norsk klimaservicesenter, klimaprofil Møre og Romsdal

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar				
UØNSKA HENDING		J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDER
KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONAR OG INFRASTRUKTUR	Veg, bane, luftfart, skipsfart	N	Regulert tilkomst vil bli vidareført.	Nordplan as
	Vassforsyning-bortfall, skade, ureining	N	Ingen prekær situasjon om hamna skulle vere utan vatn i ei periode.	Nordplan as
	Avlaupssystem-bortfall, skade, ureining	N	Det er etablert septiktank. Plan for etablering av slamavskiljar på sikt.	Nordplan as
	Energi, gass og IKT-bortfall, skade	N	Ingen prekær situasjon for småbåthamna ved bortfall i ei periode.	Nordplan as
	Overvassanlegg-bortfall, skade	N	Avrenning til sjø primært.	Nordplan as
	Framkome for utrykkingskøyretøy/sløkkebil	N	Næraste brannstasjon ligg på Leitebakk, ca. 1,5 km frå planområdet. Planområdet har i dag etablert tilkomst via Godøyvegen (FV 125). Estimert køyretid frå brannstasjonen til Godøy småbåthamn er ca. tre minutt, noko som gjev kort responstid.	Nordplan as
	Tilgang på sløkkevatn	N	Det tilstrekkeleg tilgang på sløkkevatn.	Småbåtlaget.
	Trafikkulykke	N	Ingen registrerte.	Nordplan as

4 Varsling av tiltaket og medverknad

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8, vert oppstart av planarbeidet varsla ved annonse i Sunnmørsposten, samt på heimesidene til Nordplan og Giske kommune. Naboar og andre offentlege og private interessentar vil bli varsla direkte ved brev/e-post. Det vert ikkje lagt opp til medverknadsprosessar ut over det som er knytt til ordinær varsling i saka.

Førebels høyringsliste for offentlege og private høyringsinstansar leggstil grunn, og vert supplert etter oppstartsmøtet med kommunen:

Namn	E-post
Fylkeskommunen - Møre og Romsdal	post@mrfylke.no
Statsforvaltaren - Møre og Romsdal	sfmrpost@statsforvalteren.no
NVE	nve@nve.no
Linja AS	post@linja.no / kundepost@bkk.no
Kystverket	post@kystverket.no
Giske kommune v/avdeling - Brann og redning - Teknisk drift	

5 Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiingar

Planar og tiltak som alltid skal bli konsekvensutgreia og ha planprogram eller melding, jf. KU-forskrifta § 6	Ja	Nei
Fell inn under kriterium i § 6 1. ledd bokstav a) Grunngjeving: tiltaket omfattar reguleringsendring av eit mindre og avgrensa område.		X
Fell inn under kriterium i § 6 1. ledd bokstav b) Grunngjeving: Tiltaket fell ikkje inn under opplista tiltak i vedlegg I.		X
Planar og tiltak som skal bli konsekvensutgreia om dei kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn, jf. KU-forskrifta § 8.	Ja	Nei
Fell inn under kriterium i § 8 1. ledd bokstav a) Grunngjeving: Tiltaka i planen fell ikkje inn under vedlegg II.		X
Unntak: reguleringsplanar der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreia i ein tidlegare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med den tidlegare planen, jf. § 8 1. ledd bokstav a), andre setning. Ikkje aktuelt for denne planen.		X
Opplysningar som skal leggast fram av forslagsstillar som grunnlag for ansvarleg mynde si vurdering etter § 11 eller § 12, jf. KU-forskrifta § 9.		
a) Planen eller tiltaket, tiltaket sine fysiske eigenskapar og lokalisering og eventuelle rivingsarbeid. b) Miljøverdiar som ein antar blir vesentleg råka og som krev særskilde omsyn. c) Planen eller tiltaket sine forventa vesentlege verknadar som følgje av reststoff, utslepp og produksjon av avfall. d) Forventa vesentlege verknadar som kan følgje bruken av naturressursar.		
Forslagsstillars foreløpige vurdering av om planen eller tiltaket kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn etter KU-forskrifta § 10.		
Eigenskapar ved planen eller tiltaket etter § 10 andre ledd:		
a) Storleik, planområde og utforming: Området på ca. 10 daa er planert og opparbeida. b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar: Arealet registrert som «open fastmark» i AR5, og består av grusdekt område utan vegetasjon. c) Avfallsproduksjon og utslepp: Planen legg ikkje opp til avfallsproduksjon eller utslepp som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn. d) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar: Det er vurdert at planen ikkje medfører større risiko for alvorlege ulykker eller katastrofar.		

Lokalisering og påverknad på omgjevnadane etter § 10 tredje ledd:	Ja	Nei
a) Verneområde, utvalde naturtypar, prioriterte artar, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova.		x
b) Truga artar eller naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne og kulturmiljø, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar, område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og område som er særleg viktige for friluftsliv.		x
c) Statlege planretningslinjer, statlege, regionale eller rikspolitiske føresegner eller rikspolitiske retningslinjer.		x
d) Større omdisponering av område avsett til LNFR-føremål eller område regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd.		x
e) Auka belastning i område der fastsette miljøkvalitetsstandardar er overskride.		x
f) Konsekvensar for befolkninga si helse, for eksempel som følgje av vass- eller luftureining.		x
g) Vesentleg ureining eller klimagassutslepp		x
h) Risiko for alvorlege ulykker som er ei følgje av naturfarar som ras, skred eller flaum		x

Vurderinga er gjort på grunnlag av tilgjengeleg informasjon og kunnskap i offentlege databasar. På bakgrunn av dette har ein vurdert at tiltaka ikkje vil få vesentlege verknadar for miljø og/eller samfunn og dermed ikkje utløyser kravet om konsekvensutgreiing.

6 Referansar

[1] Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), «NVE Kart,» [Internett]. Available: <https://www.nve.no/kart/>. [Funnen 26 06 2024].

[2] Direktoratet for byggkvalitet, «Byggteknisk forskrift (TEK17) med veiledning,» 2017.